

Til Meland kommune

p.b. 79, 5906 Frekhaug.

Vedk. avtale om avståing av grunn for utbygging av Meland vasshandsamingsanlegg og utviding av veg til Håtuft.

Syner til kommunen sitt brev datert 28.02.2019 og dykkar ref. 19/575-19/4792.

Eg har ikkje noko imot å avstå grunn til Meland kommune for utbygging av nemde tiltak. Før eg vil ta stode til nokon avtale ynskjer eg attendemelding på følgjande:

1. Arealet som kommunen ynskjer å kjøpe må teiknast nøyaktig inn på eit kart i M= 1:500 . Grunnkartet og ikkje reguleringskartet må nyttast slik at ein kan sjå kva arealet ligg i høve til eksisterande veg m.m.
2. Kommunen må tilby ein pris som er akseptabel og som er i samsvar med det prisgrunnlaget ein kan få i kommunen i dag for tilsvarande areal. Tilboden pris er for låg.
3. Dersom ein ikkje vert samde om ein akseptabel pris, er eg ikkje villig til å selje arealet frivillig til kommunen. Kommunen må då oreigne naudsyndt areal og rettar, og dermed påta seg den ekstra kostnaden og tidhefte ei slik orgeigning vil medføre.

Så snart nytt kart ligg føre, med innteikna areal og kommunen kjem med eit betre pristilbod, vil eg gi endeleg svar. Eg vil då kome med mitt krav dersom kommunen sitt tilbod ikkje er tilfredstillande. Tilbodet frå kommunen kan enten vera eit tilbod pr. kvm. eller ein fast sum som dekker alt, medrekna ulemper i anleggstida.

Meland 12.03.2019

Mvh.

Nils Johan Meland.

